

Marine Harvest sponsrar idrettslaget

08.04.2014



Oddmund Soldal mottok i dag plaketten frå Marine Harvest, representert ved Albert Ove Nybakk. I bakgrunnen ser vi klubbhuset med nytt tak og ny kledning.

**Marine Harvest fondet sponsrar UIL med kr 50.000,- til oppussing av klubbhuset på Heio. Det var i tildelinga i 2013 at UIL fekk tilslaget på søknaden sin i samband med det store oppussingsprosjektet på Heio.**

Beiset på dette blei ikveld synliggjort då Albert-Ove Nybakk, på vegne av Marine Harvest, overrakte ein plakett til UIL v/Oddmund Soldal. Plaketten skal henge synleg i klubbhuset som eit prov på at Marine Harvest støttar opp om, og er positive til, den viktige jobben som f.eks UIL gjer for små lokalsamfunn rundt om i landet.

Oddmund Soldal og Uskedal idrettslag er sjølv sagt svært glad or det flotte støtta. Den kjem svært godt med i samband med opprustninga av klubbhuset som hadde forfalt og var i svært dårlig stand.

Soldal fortel at dei har fått orden på vassproblema etter at dei i fjar sommar bora etter vatn. Dette vart mogeleg etter at laget hadde motteke stønad frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad. No har huset fått nytt tak og ny kledning slik de kan sjå på bildet.

Soldal kan fortelje at planane framover er å få vatnet innomhus, få ny varmtvannsberedar og i mai kjem det nye dørar og vindauge. I tillegg håpar dei å skaffe midlar slik at dei kan byggje om og få kiosken inn i klubbhuset. Håpet er å få det klart til Heio Cup til hausten.

- Totalt vil oppgraderinga av klubbhuset kome på fleire hundre tusen, seier Soldal og er svært glad for den viktige støtta dei får til prosjektet.

Marine Harvest fondet delte i fjar ut totalt tett på kr 3.000.000,- til dette og liknande prosjekt landet rundt, og eit liknande beløp skal no delast ut for 2014. Søknadsfristen er 15.mai – Søknadskjema finn ein på [www.marineharvest.com](http://www.marineharvest.com)

I tillegg til dette deler Marine Harvest Region Sør ut ca kr 100.000,- årleg i kulturstipend til unge talentfulle lokale utøvarar i vår region. Sist var bygdas eigen musikar Vegard Døssland og tre av dei dyktige skiskyttarane på

Hatlestrand blant dei heldige. Tildelinga er nettopp foretatt etter søknader som kom inn før nyttår – Resultatet er ikkje offentliggjort endå, men Nybakk kan røpe at det er Kvinnheringar blant stipend-mottakarane også i år.

Nybakk, som er HMS/HSE koordinator i Marine Harvest region sør, oppfordrar unge utøvarar – både innan kultur og idrett om å söke om stipend til hausten når det vert opna for nye tildelingar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.